

## Informasjon til elevar og foreldre om frivillige kartleggingsprøver og læringsstøttande prøver Vg1

---

Frivillige kartleggingsprøver og læringsstøttande prøver er eit tilbod til skolar med elevar i vidaregåande opplæring. Du får denne informasjonen fordi du/ditt barn går på ein skole som har valt å gjennomføre ei slik prøve. Dersom skolen har valt å gjennomføre den frivillige kartleggingsprøva, skal alle elevar på det aktuelle trinnet gjennomføre prøva. Elevar som er borte frå skolen på prøvedagen, skal få tilbod om å ta prøva seinare.

### Nytt i 2015

Kartleggingsprøvene på Vg1 skal i dei neste åra erstattast av frivillige læringsstøttande prøver. Det kjem ei ny læringsstøttande prøve i *rekning* i 2015. Kartleggingsprøvene i *lesing* og *engelsk* skal gjennomførast som vanleg, men dei er ikkje lenger obligatoriske.

### Kvifor kartleggingsprøver og læringsstøttande prøver?

Kartleggingsprøver og læringsstøttande prøver er verktøy som lærarar kan bruke til å få eit betre grunnlag for å setje i verk tiltak på eit tidleg tidspunkt i vidaregåande opplæring. Dei læringsstøttande prøvene gir informasjon om alle elevane. Kartleggingsprøvene gir informasjon om dei 20 prosent svakaste elevane. Prøvene er ikkje laga for å kunne samanlikne resultatata med andre skolar, kommunar eller fylke, men skal brukast av skolen og lærarar i arbeidet med å følgje opp og gi støtte til elevane.

Den læringsstøttande prøva i rekning og kartleggingsprøva i engelsk er elektroniske. Kartleggingsprøva i lesing er papirbasert.

### Bruk av resultatata

Læraren skal gi tilbakemelding til eleven om resultatata på prøvene. Det er utarbeidd rettleiingsmateriell som beskriv korleis skolen og lærarane kan følgje opp prøveresultatata. Dette inneber korleis prøveresultatata skal tolkast, og forslag til tiltak i undervisninga.

### Når skal prøvene gjennomførast hausten 2015?

Alle prøvene er frivillige og skal gjennomførast i veke 34, 35, 36 og 37.

### Har du spørsmål?

Ta kontakt med skolen din eller les meir om kartleggingsprøver på våre nettsider: [www.udir.no/kartlegging-vgo](http://www.udir.no/kartlegging-vgo).